

Ottar Grepstad

Lunden & Lunden i nynorsk skriftkultur

Opningsforedrag på konferanse på festdag for Kåre Lunden og Eldrid Lunden
Naustdalshallen, Naustdal 9. oktober 2010

I den klassiske retorikken er lunden ein høgt verdsett stad for kloke samtalar. Av det kan det nok formast vidløftige teoriar om lundens plass i europeisk idéhistorie og lunden som retorisk topos. Av og til kan ein kome langt med det jordnære. Ein tur til landet Syden, i dette tilfellet Hellas, er nok for å forstå at lunden var ein svært god plass å vere når det var som varmast om dagane. Lunden gav skugge til livet, men kasta ikkje skugge over tankane. I nordeuropeisk kulturhistorie ville gamma, huset, stova vore av same verdi. Det er altså noko jordnært over denne staden for dei store tankane.

Nynorsk skriftkultur var tungt etablert både innanfor historie og lyrikk då Kåre Lunden i 1965 leverte hovudoppgåva si i historie og Eldrid Lunden tre år seinare debuterte med ei diktsamling.¹ På denne tida var nynorsk opplæringspråket for kvar femte elev i grunnskulen, det kom ut færre nynorskaviser enn på lang tid, den nyskipa vekeavisa *Dag og Tid* hadde alt brukt opp aksjekapitalen, Marie Takvam hadde gitt ut fem diktsamlingar, kvar tredje kyrkjelyd brukte nynorsk liturgi, *Syn og Segn* var i ferd med å bli det største norske allmennkulturelle tidsskriftet, nesten 15 år hadde gått sidan Eldrid

¹ Kåre Lunden: *Heggen og Frøland i mellomalderen*, hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1965. Eldrid Lunden: *f.eks. juli*, Oslo 1968.

Lunden oppdaga *Syndere i sommersol* og dytta boka på veninnene sine så dei kunne få sjå saker og ting, Stortinget hadde enno ikkje lovfesta at læremiddel skulle liggje føre til same tid og til same pris, kvar fjerde stortingsrepresentant blei referert på nynorsk, dei mange kommunesamanslåingane gjorde at færre kommunar enn nokon gong sidan 1920-åra brukte nynorsk, Det Norske Samlaget moderniserte eigen organisasjon og satsa på ny norsk skjønnlitteratur, Kåre Lunden hadde i seks år arbeidd som sekretær i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 400 av vel 5000 sendetimar i NRK hadde nynorsk tale, Tarjei Vesaas fekk Nordisk Råds litteraturpris, Noregs Mållag gav ein komité med Berge Furre som leiar i oppdrag å fornye målrørsla, 6 % av bøkene frå norske forlag var skrivne på nynorsk, og noko slikt som 1000 nynorskbrukande gymnasiastar tok kvart år examen artium.²

Dei to er akademikarar i første generasjon. Kåre Lunden tok examen artium på Firda gymnas i 1950, Eldrid Lunden på Voss landsgymnas i 1961. Ho har hovudfag i nordisk litteratur, han i landbruksfag og historie. Dette gjer desse småbrukarborna til to unntak i norsk utdanningshistorie. Gjennom heile 1900-talet kom dei aller fleste nynorskbrukarane frå bygdene. Skuleåret i landsfolkeskulen var mykje kortare enn i byskulane. Det var også svært få bygdeborn som tok examen artium. Folk med ein slik bakgrunn gjekk heller til lærarskulane og tok si høgare utdanning der. Sjølv om det ikkje er nokon mekanisk samanheng mellom mengda av kunnskap og talet på undervisningstimar, må konklusjonen bli at dei fleste nynorskbrukarane på 1900-talet hadde vesentleg mindre av både grunnutdanning og høgare utdanning enn bokmålsbrukarane. Kva dette gjorde med Norge og Noreg, har berre delvis vore undersøkt.³

For å plassere Lunden & Lunden i nynorsk skriftkultur tyr eg til omgrep som integritet og sjølvstende, identitet og originalitet.

² Ottar Fyllingsnes: "Syndar i sommarsol", intervju med Eldrid Lunden i *Dag og Tid* 1.10.2010.

³ Ottar Grepstad: *Den språklege lekkasjen*, årstale nr. 4 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ørsta 2004 og www.aasentunet.no.

Integritet og konsekvens

Historikaren Lunden og dikteren Lunden representerer litterær og fagleg integritet. Dei har skrive det dei meinte var viktig utan tanke for talet på kor mange lesarar dei ville få.

Ein poet som ikkje skriv brukslyrikk av typen songtekstar, må rekne med å bli marginalisert. Med tanke på at nynorsk skriftkultur står svakare enn den tilsvarande bokmålskulturen i Noreg, kunne dette tilseie ei dobbel marginalisering. Den slutninga er for enkel. Vel tok det mange tiår før det kan seiast å vere allmenn aksept i Noreg for at det går fint å dikte på nynorsk. Den autoritære, men tidstypiske smaksdomaren Marcus Monrad og hans seinare åndsfrende og like nedlatande kampfelle Bjørnstjerne Bjørnson kunne i 50 år på på 1800-talet herse med allmugen, språket deira og kva det kunne brukast til. ”Selv den Idee at hæve *Almuesproget, Bondemaalet* strax til Literatursprog eller endog lade det fremtræde paa Scenen, maa vi fra vort Standpunkt, idetmindste for det Første, betragte som uudførligt Sværmeri,” skreiv Marcus Jacob Monrad i 1852.⁴ Dette svermeriet var for han eit brot på alle kjende lovar for kulturutvikling. Fjorten dagar før hundreåret var omme, klang eit ekko frå mannen på Aulestad på førjulstur til Bergen: ”Jeg kan sætte en Streg paa Væggen: saa høit kan Bonden naa i Kultur, ikke høiere.”⁵

Då Eldrid Lunden debuterte, var ikkje dette lenger noko tema. Ho blei ein del av den første innkjøpsgenerasjonen. Sidan 1950-åra hadde forlaga streva med rekruttering av nye forfattarar og få folk til å kjøpe dei få bøkene som kom ut. Difor oppretta Stortinget i 1965 Norsk kulturfond. Ei av dei uttrykte oppgåvene for fondet var å styrkje nynorsk litteratur. Det fremste verkemidlet for å styrkje norsk litteratur generelt var likevel ei innkjøpsordning for ny skjønnlitteratur på norsk. Berre bøkene var gode nok, fjerna ordninga den

⁴ Marcus Jacob Monrad: ”Om det norske Sprog”, *Den norske Tilskuer* 18. og 25.12.1852, her sitert etter Oddmund L. Hoel: *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865* (KULTs skriftserie nr. 51), Oslo 1996, s. 255.

⁵ Bjørnstjerne Bjørnson i tale i Logen i Bergen 16.12.1899, sitert etter Ervingen 1950, s. 16.

økonomiske risikoen for forlaga ved å gi ut nye romanar, novelle- og diktsamlingar på norsk. Dette gav fleire bøker på nynorsk, men endå fleire bøker på bokmål. Sett i ettertid var krisa størst i bokmållitteraturen.

I tida før innkjøpsordningane blei etablerte, minka talet på nye prosabøker på bokmål sterkt. Nivået for nynorskutgivingar heldt seg derimot oppe. Det som truleg var felles for begge målformene, var at rekrutteringa av nye forfattarar var svak kring 1960. Nynorske vaksenbøker utgjorde ein mindre del av alle innkjøp i 2008 enn i 1965, medan det motsette var tilfelle for barne- og ungdomsbøkene. I 1965 var 23 % av vaksenbøkene og 18 % av barnebøkene på nynorsk. I 2008 var dei tilsvarande tala 15 % og 16 %.⁶ Innkjøpsordningane frigjorde nynorsk kreativitet, men fremja også ein endå sterkare bokmålsdominans i norsk litteratur. Lite kunne ein poet gjere med dette.

Om ein vil, kan ein lese ei form for opposisjon ut av dette, ein opposisjon mot eit hegemoni. Den litterære og faglege integriteten kan like gjerne lesast som ein suverenitet i møtet med ulike former for språkleg, kulturelt eller sosialt hegemoni. Kåre Lunden har for sin del peikt på sosiologen Thorstein Veblen og hans observasjon om at dei som kjem utanfrå, har den fordelten at dei har ein ekstra synsvinkel.⁷ Dette gjeld særleg dei som sosialt og kulturelt kjem nedanfrå, meiner Kåre Lunden: ”Tendensen til opposisjon kan følgje med.” I det ligg ikkje at den sjølvstendige tenkinga var ein nisse på flyttelasset, langt mindre ein mekanisk konsekvens av visse personlege røynsler.

Særleg hos Eldrid Lunden er denne sjølvstendigjeringa tydeleg i seinare års intervju. Det er så mange posisjonar og diskusjonar ho reknar seg ferdig med og ikkje vil kaste bort tenkje- og taletid på. Det siste ho kunne tenkje seg å snakke om då Dag og Tid skulle intervjuje henne i 2003, var den norske, kvinnelege poesitradisjonen. ”Den saka må no for lengst vera ferdigsnakka,” sa diktaren og bad journalisten – ein ung forfattar – ringje tilbake om to timar med

⁶ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, Ørsta 2010, tabell 15.8.

⁷ Nils H. Harnes: ”Kåre Lunden: Ein ekte vestlandsstorm”, *Apollon* 1.3.1995, www.apollon.uio.no, lesedato 5.10.2010

minst fem andre stikkord på blokka, og Profil-generasjonen skulle definitivt ikkje vere eitt av dei.⁸ Den typen kategoriseringar som både akademisk og allmenn daglegtale er så full av, reserverer ho seg sterkt mot. *Generasjon* er eit slikt omgrep. Det er ikkje sikkert det har noko for seg, seier Eldrid Lunden: ”Det kan være bare tull.”⁹ Uroa er der: Mangt kan sjå annleis ut om ti år. Der er eit historisk medvit også hos poeten.

Historikar og pamflettist

Kåre Lunden har publisert tekstar i ei rekkje aviser og tidsskrift, og mange bøker. Bibliografen Anne Eidsfeldt har funne 540 artiklar og bøker – medrekna nokre intervju – mellom 1949 og 2005.¹⁰

Alt i 1957 var han blitt sivilagronom ved Noregs landbrukshøgskule med hovudoppgåva *Nokre tilhøve ved reproduksjonen hos standard mink*.

Kulturhistorisk er det interessant, men langt frå oppsiktsvekkjande, for i pelsdyrnæringa blei nynorsk eit vanleg språk alt i 1920- og 30-åra. Då var det like vanleg å lese nynorsk i Pelsdyrbladet som i aviser som *Dern 17de Mai*, *Norig* og *Norsk Tidend*. Norsk Reveavlslag stod bak dette nynorskredigerte bladet som kom ut to gonger i månaden i Ålesund frå 1926 til 1931.¹¹

Historikarar som Halvdan Koht og Arne Bergsgård hadde gjort nynorsk til eit fagspråk for historikarar. Målt i omfang saknar forfatterskapen til Halvdan Koht sidestykke i nynorsk skriftkultur. Han publiserte minst 43 000 sider. Til samanlikning skreiv Holberg 16 000 sider. Tospråkleg var han, men nynorsk dominerte. Til skilnad frå Koht var Bergsgård både historikar og skulemann, og som Koht skreiv han mykje i aviser. Det gjorde skrivemåten hans utoverretta.

⁸ Inger N. Bråtveit: ”Å skriva seg eit rom”, intervju med Eldrid Lunden i *Dag og Tid* 2.8.2003.

⁹ Nils-Øivind Haagensen: ”Hvorfor generasjon?”, *Klassekampen* 26.5.2004.

¹⁰ Anne Eidsfeldt: *Bibliografi over Kåre Lundens forfatterskap 1949–2005*, 2. utgåva, Universitetsbiblioteket i Oslo 2005.

¹¹ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 16.18.

Den allment tilgjengelege framstillinga har vore historikarens styrke, og denne skrivemåten har Kåre Lunden forsvara og framheva. ”På mine kantar vart vi skulerte i Skrifta, og der er det snakk om å tale som farisearane og dei skriftlærde,” sa han i eit intervju då han blei tildelt Norsk språkpris 1995.¹² Det intervjuet seier mykje om den retoriske strategien hans.

”Ei stund meinte mange at det var avgrensa kva daglegspråket var brukande til, og at alle fag ideelt sett burde utvikle eit fagspråk slik vi har i matematikk,” sa Lunden. Nettopp i historiefaget, som handlar om det som endrar seg, er ikkje daglegspråket berre like bra, sa Lunden: ”Det er daglegspråket som er det beste. Men vi forskarar vil gjerne ha prestisje, og dersom vi uttrykkjer oss som folk flest, mengjer vi oss med folk flest. Og då vert vi verken meir eller mindre enn folk flest. Her ligg det eit press i retning av å ’snakke som presten’. Og når prestespråket vert brukt utover det det er sakleg grunnlag for, som jåleri, kjem vi over i farisearspråket, sa han.

Kåre Lunden gjorde ei kvinne på grannegarden i Naustdal til det språklege idealet sitt. Han ville gjerne skrive slik ho Nikolina i Botna snakka. Dette er ein velkjent posisjon i nynorsk skriftkultur. Gjer ikkje noko vanskelegare enn det er, sei det beint fram og hald deg for all del unna apotekarlatin eller prestespråket. Samstundes har det vore meir comme il faut å bruke latinske enn tyske og danske lånord. Den faren som ligg i dette, er at dei språklege spenningane mellom ulike retoriske stilnivå blir verande ubrukte eller ikkje utnytta. Her har historikarar som Jostein Nerbøvik, Berge Furre og Kåre Lunden gått kvar sine vegar. Furre set gjerne punktum før det er for seint. Hos Nerbøvik er det eit stort tidsspenn i ordtilfanget. Hos Lunden er det ein stor grad av verbal presisjon.

Den retoriske strategien har også ei anna side.

På eitt eller anna tidspunkt oppstod eit språkleg klasseskilje i norsk skriftkultur. Det gjekk ut på at intervju med særleg profilerte nynorskbrukarar

¹² Nils H. Harnes, same staden.

kunne skrivast på nynorsk i aviser som elles ikkje let andre enn lesarane skrive på nynorsk i spaltene sine. Det hørde også med at slike profilerte nynorskbrukarar lettare enn andre fekk publisere tekstar på nynorsk i slike aviser.

Jamt over stod fleirtalet av nynorskaviser utanfor det partipressesystemet som prega norske massemedia mellom 1920 og 1980. I dei avisene som var innanfor dette systemet, skreiv folk som var partimedlemer nesten bere i dei avisene som deira parti gav ut. Dette vil seie at nynorskskrivande partimedlemer hadde det privilegiet at dei kunne krysse partigrensene når dei ytra seg i nynorskaviser. Kåre Lunden vann ganske tidleg ein slik posisjon at han kunne skrive som han ville. Den fridomen var ikkje sjølvsgd utanfor avisspaltene.

I bokform har han nok hatt fleire lesarar på bokmål enn på nynorsk. Det er eit trekk han deler med mange nynorskbrukarar med og utan akademisk utdanning. Særleg mange lesarar nådde han med band 3 i *Norges historie*, redigert av Knut Mykland, frå 1976. Det er det einaste bokverket eg har kjøpt to gonger. Første settet blei kjøpt på avbetaling og forsvann saman med to andre bokassar på eit flyttelass frå Bergen til Oslo i 1980, fleire år før verket var nedbetalt. Det var i den tida J.W. Cappelens Forlag rekneskapsførte salsinntektene før kostnadene og gav verkkundane så gunstige avbetalingsvilkår at forlaget måtte bergast ved svensk oppkjøp seinare i 1980-åra. Det gjekk ikkje så godt med transportøren Linjegods, heller.

I Cappelens noregshistorie skreiv Lunden på bokmål. Då han takka ja til oppdraget, visste han at ein nynorskhistorikar hadde fått tilbodet før han, og at vedkomande hadde takka nei då han ikkje fekk skrive nynorsk. Sjølv rekna 46 år gamle Kåre Lunden seg på den tida som ”ein yngre, relativt umeritert stipendiat” som ikkje sat i nokon posisjon der han kunne krevje å få skrive på nynorsk.¹³

Komne til 1984 var det tendensar til ei språkleg haldningsendring i forlagsbransjen. Knut Helle var hovudredaktør for verket *Aschehoug*

¹³ Kåre Lunden: ”Nynorsk i historieverka”, *Dag og Tid* 15.9.1994.

Verdenshistorie, og band 6 om ”Europa i krise 1300–1500” var skrive av Kåre Lunden på nynorsk. Innhaldet blei heftig diskutert, målforma vekte rabalder.¹⁴ Før dette var det berre i litteraturhistoriske fleirbandsverk det var etablert ein viss praksis for at forfattarane skreiv på både nynorsk og bokmål. I dei same åra som Knut Mykland redigerte noregshistorie for Cappelen, redigerte Edvard Beyer ei litteraturhistorie. Der var tre bolkar på nynorsk – Olav Bø om folkedikting og Bjarte Birkeland om både nynorsk litteratur og lyrikk på tidleg 1900-tal. Dette tospråklege verket utløyste ingen kjende språklege reaksjonar.

Band 6 i 1984 blei som eit eingongstilfelle. Då Aschehoug ti år seinare utvikla ei ny noregshistorie i 15 band, var det kroken på døra for nynorsk. Arnvid Lillehammer var ein av fleire historikarar som blei nekta av forlaget på skrive på nynorsk. I slike store verk er det greitt å ha ein språktone, sa forlagssjef Halfdan Freihow til *Dag og Tid*.¹⁵ I same slengen forsikra han om at nynorsken si historie også ville få plass i verket. Logikken i argumentet inneber at ja, det skal skrivast om kvinner i eit verk, men kvinner skal ikkje skrive det verket.

Det hjelpte lite at Historikerforeningen og årsmøtet i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening i 1995 kritiserte forlaget. Det mest interessante ved debatten på det faglitterære årsmøtet var at delar av møtelyden, som på alle andre punkt gjerne ytra seg usakleg om forlaga si framferd i eitt og hitt, i denne saka la polemikk og prinsipp til sides og meinte at nei, språk, det er noko forlaga skal styre med.

Sjølv var Kåre Lunden i eit lesarbrev ganske sikker på at det var lesarreaksjonane i 1980-åra som no hadde skremt forlaget tilbake til eittspråkslinja.¹⁶ Dei nynorskbrukande historikarane som blei bedne om å skrive i slike verk, hadde valet mellom å la seg undertrykkje som språkbrukarar eller som historikarar. Til den debattglade Lunden å vere ordla han seg ganske

¹⁴ Kåre Lunden, same staden.

¹⁵ Halldor Hustadnes: ”Utraderer nynorsken frå Noregssoga”, *Dag og Tid* 11.8.1994.

¹⁶ Kåre Lunden: ”Nynorsk i historieverka”, *Dag og Tid* 15.9.1994.

nyansert i kritikken av forlaget. Varsamt gjekk han inn for ei løysing der ”interessene til nynorsklesarar og nynorskforfattarar vart ivaretekne, i det minste i ein minimal grad”. Sjeldan har Kåre Lunden kviskra mildare i det offentlege ordskiftet.

Essayist og poet

Eldrid Lunden ”skriv knapt og tilbakehaldande, nedtona og presise dikt som er tette, men likevel opne poetiske uttrykk”. Det er karakteristikken frå Sigrid Bø Grønstøl i leksikonartikkelen på allkunne.no, der ho held fram.

”Naturoppleving, tankar, sansing og refleksjon og minne smeltar saman og blir ein måte å tenkje og erkjenne på. Poesien hennar kan lesast som ei form for utprøvande og fragmentarisk refleksjon.”¹⁷ Dette er ei god samanfatning av Lundens lyrikk.

Å vere lyrikar er å plassere seg ein heilt annan stad i den litterære offentlegheita enn der historikarane har for vane å halde til. Historieverk er populært lesestoff; ei av dei målgruppene forlaga set mest lit til, er den allment historieinteresserte. Dette inneber ikkje alltid at historikaren har fleire lesarar enn lyrikaren. Mange historiske studiar blir verande innanfor det faghistoriske miljøet og er heller ikkje mynta på andre. På same måten finst det forfattarar som meir enn andre er diktarane sin diktar.

Eldrid Lunden er ein slik diktar. Grunnane er fleire. Ho diktar på måtar som gir andre lyst til å prøve seg. Særleg kvinnelege poetar har hatt eit førebilete i henne. I den nynorske skriftkulturen var dette særleg viktig, for der var det mennene som fylte bokhyllene. På dei tjue åra mellom 1945 og 1965 debuterte 12 kvinner og 53 menn med romanar, noveller eller diktsamlingar på nynorsk. Dei tjue neste åra kom 43 kvinner og 93 menn med dei første skjønnlitterære

¹⁷ Sigrid Bø Grønstøl: Eldrid Lunden, *allkunne.no*, sist oppdatert 30.3.2010, lesedato 3.10.2010.

bøkene sine.¹⁸ Det blir for enkelt å forklare dette med Eldrid Lundens forfatterskap, men det er openbert at den representerer eit tidsskifte.

At ho debuterte med dikt, er kjønns- og tidstypisk. Mellom 1945 og 2008 debuterte fleire kvinner med dikt enn med barnebøker, og fleire debuterte med barnebøker enn med prosabøker for vaksne.¹⁹ Særleg endra sjanger- og kjønnsmonsteret seg i 1980- og 90-åra. Då kom jamt fleire kvinner til å skrive prosa som si første bok på nynorsk. Kor mange av desse som kom frå det Skrivekunstakademiet i Bø i Telemark som Eldrid Lunden bygde opp frå 1981, skal vere usagt, men i den grad nynorsk skriftkultur har rekruttert mange nye kvinnelege diktarar derifrå, har dette styrkt prosatradisjonen og utvida det litterære repertoaret for kvinner som diktar på nynorsk. Fleire kvinner enn før har funne si litterære stemme og sin litterære identitet i prosa. Eldrid Lunden skreiv i dette tidsrommet fleire diktsamlingar som utfordra stereotypiane om kjønn, og kan som pedagog ha vore med og endra på nokre slike stereotypiar.

Lunden & Lunden har hevda originale synspunkt og tenkt sjølvstendig og skrive slik som andre ikkje har skrive, men dei har stort sett gjort det i sjantrar og på skriftstader i den nynorske skriftkulturen som alt var blitt ganske allmenne. Ingen av dei har utvida bruksområdet for nynorsk skriftkultur. Derimot har begge tilført denne skriftkulturen større autoritet og respekt. Det har dei oppnådd med intellektuell klokskap, skarpe meiningar og estetisk kvalitet.

Der semja held på å bli for tett, kjem det gjerne ei klar melding frå Lunden. Etter drygt ti år med kvinnefrigjerung, nyfeminisme, kvinneforskning og kvinnelitteratur bad Eldrid Lunden om ordet. Ho som til vanleg skriv knappe dikt, så opne at tolkingane lett blir fleire enn talet på ord i kvart dikt, fører ein heilt annan tone i sakprosaen.

Sett i lys av skriftkulturen er dei essayistiske skriftene det mest originale ved Eldrid Lundens forfatterskap. Essayistikken til A.O. Vinje i 1860-åra var

¹⁸ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, Ørsta 2010, tabell 15.20.

¹⁹ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, Ørsta 2010, tabell 15.19

meir original enn diktinga til Ivar Aasen. Sunnmøringen gav landet ei ny grammatikk og ei ny ordbok, men Vinje gav språket eit nytt alfabet. Med tida blei essayet noko av det mest typiske i nynorsk skriftkultur. Jamført med den trass alt noko avgrensa tekstmengda på nynorsk gjorde essayistikken vel så mykje av seg på nynorsk som på dansk-norsk, riksmål og bokmål. Mykje blei skrive, men det var nesten berre menn som skreiv. Hulda Garborg gjorde sitt, likeins Halldis Moren Vesaas, men elles var det få før Eldrid Lunden publiserte første essayet sitt i 1967 under tittelen ”Målsyn og kvinnesyn”, året før den første diktsamlinga kom ut.

Opninga og tenkinga var tidstypisk. Kvart einaste språk, skreiv ho, uttrykkjer ”ein eineståande kultur- og meiningssamanheng”.²⁰ Kva som måtte vere naturleg ved språk, og kva som var menneskeskapt og kulturbestemt, var på denne tida ikkje noko tema, men det er det blitt seinare. Under tung påverknad frå Noam Chomsky var det mot slutten av det 20. hundreåret blitt ei ganske vanleg oppfatning blant språkforskarar at grunnleggjande språkkunnskapar er genetiske og medfødde. I Noreg har Jan-Terje Faarlund målbore denne biologismen eller nativismen med stor konsekvens. No ser det ut til at pendelen svingar andre vegen att. Språkforskaren Guy Deutscher er blant dei som gjer det med størst overtydingskraft, seinast i boka *Through the language glass*.²¹

I 1960-åra dominerte derimot enno oppfatninga om språk som kulturfenomen. For nynorskbrukarar har dette også vore ein viktig posisjon å hevde av dei det språklege hegemoniet med si usjarmerande framferd gjerne gjer det vanlege til det naturlege og dermed nynorsk til eit konstruert og dermed kunstig språk. At det eksisterer to levande språk i Noreg, provar at det finst grupper som ikkje berre bruker dei, men som også er avhengige av dei, skreiv Eldrid Lunden i essayet sitt.

²⁰ Eldrid Lunden: ”Målsyn og kvinnesyn”, først trykt i *Kontur og kontrast*, Oslo 1967, her etter Eldrid Lunden: *Essays*, Oslo 1982, s. 9.

²¹ Guy Deutscher: *Through the language glass*, New York 2010.

Ved å drøfte sider av kvinnesaksdebatten på denne tida ville ho få fram samanhengen mellom kulturbakgrunn og språk. Her fann ho fleire slåande døme på språklege skilnader som også måtte vere kulturelle skilnader og som viste ulike posisjonar for kvinna i bygde- og bysamfunn. Ikkje utan atterhald fann ho meir av ei estetiserande holdning til kvinner i bykulturen enn i bygdekulturen. Det estetisk utvendige kvinneidealet, av Eldrid Lunden kalla dokke-Nora, blei sett på som ein motsetnad til frigjeringsidealet, kalla kvinnesaks-Nora. Unge kvinner anno 2010 prøver i stor grad å leve opp til eit ideal som kombinerer desse to rollene. Dei vanskane det inneber, såg Eldrid Lunden for førti år sidan. Det funksjonelle kvinnesynet som trass alt hadde prega bondekulturen, såg ho som ein medvitsskapande kontrast til det meir utvendige og overklasseprega kvinnesynet i bykulturen. Den langsame integreringa av bygda i byen gjorde enno lite av seg i Noreg. Difor var det også meir av popkulturelle uttrykksformer i bokmål enn i nynorsk.

Som essayist er Eldrid Lunden stram og ryddig i forma. Ho resonnerer meir enn ho assosierer, og ho meiner meir enn ho spør. Nokon pamflettist har ho aldri vore, men meiningsstyrken har ført henne inn i ganske ulike sjangrar. I 1984 skreiv ho sitt på veggen med 13 tesar om norsk litteratur i 1980-åra.²² Gjennom 13 motsetnadspar for mykje/for lite og for mange/for få kva som mangla og kva som trongst. Det meste måtte endrast; lite burde få vere som det var. Med denne teksten distanserte Eldrid Lunden seg kraftig frå dei rådande tendensane i samtidslitteraturen.

Også i andre samanhengar har dikteren Lunden sett etter det som ikkje går opp, det som andre knapt har ensa, det som år henne til å undre. Nokre av desse funna har ho lagt fram i presist og skarpt profilerte foredrag der ho fører resonnementa inn til kjernen av saka. Eitt slikt foredrag handlar om Jakob Sande

²² Eldrid Lunden: "Det er for mye frigjering i norsk kvinnelitteratur", *Syn og Segn* 1/1985, s. 48.

og Sunnfjord, eit anna om Halldis Moren Vesaas.²³ Framføringa er like stram som resonnementa. Eldrid Lunden kan vere på sitt mest alvorlege, nesten tungsindige, når ho held slike fortedrag. Det er som om ho står der og seier, oppgitt, resignert: Ja, men dette må de då alt ha forstått, har de ikkje det? Nei, vi har ikkje det. Mangt må seiast for at noko skal bli forstått.

Eldrid Lunden er ein lærd og intellektuell poet som spelar på litterære og kulturelle tradisjonar, utfordrar desse, prøver dei ut og opnar for endringar, i det minste litterært. Der er eit sterkt historisk medvit i forfattarskapen hennar som indirekte også tener til å legitimere den nynorske skriftkulturen.

Lunden & lunden

Kor tilfeldig det er, veit eg ikkje, men den tenkinga om mindretal som Eldrid Lunden drøfta i essayet sitt frå 1967, har også vore berande hos Kåre Lunden. Kring 1990 handla mykje av det han skreiv om former for nasjonalisme. Norsk nasjonalitet, skreiv han i 1991, var ikkje einsidig avhengig av det språklege. Målrørsla burde derimot ta opp i seg argument og tankegangar frå det nyare nasjonalismestudiet. Her var den rådande oppfatninga at samfunn kultur og politikk ”spring ut av situasjonen til ’sosiologiske minoritetar’”.²⁴

Då han skreiv dette, hadde han nettopp vore på Voss og snakka til årsmøtet i Hordaland Mållag. Der drøfta han kritisk forholdet mellom målrørsla og det nasjonale i 1990-åra.²⁵ Han la til grunn den vanlege oppfatninga om språket som eit kommunikasjonsmiddel, men framheva også språket som ein av fleire kulturmarkørar. Det var ikkje i filologien han fann argumenta for at nynorsk burde førast vidare som skriftspråk, men det han kalla det allmenne

²³ Eldrid Lunden: ”Hadde Jakob Sande eit litterært prosjekt?”, i *Jakob Sande 2004*, [Dale] 2004, s. 28–49 (foredrag på Jakob Sande-seminaret i Dale 9.8.2003); ”Den dagklare Halldis”, foredrag på Litteraturdagane i Vinje 22.9.2007.

²⁴ Kåre Lunden: ”Målrørsla og det nasjonale”, *Dag og Tid* 2.5.1991.

²⁵ Kåre Lunden: ”Målrørsla og det nasjonale i 90-åra”, *Nytt Norsk Tidsskrift* 4/1997, s. 361–369.

kulturvernomsynet. Då slike omsyn gjorde seg like sterkt gjeldande på bokmålssida, gjorde han dette til eit overordna argument for det tospråklege Noreg. Historikaren Lunden gjorde her det som språkforskarane først uttrykte klart på 200-talet: Språk kan ikkje definerast berre språkleg. For eit herleg privilegium det er, skreiv han nokre år seinare, ”å vere målmann, til skilnad frå ideologisk dominert halv-træl”.²⁶

Både diktaren eller historikaren Lunden argumenterte for det språkdelte Noreg. Språkleg har Lunden & Lunden plassert seg på to stader i den nynorske skriftkulturen. Diktaren Eldrid har teke former som *noe* og *gjenkjennelse* inn i dikta sine. Historikaren Kåre har hatt ei meir tradisjonell språkføring, men han har mang ein gong insistert både på at det skal vere rom for mange ordval i nynorsk rettskriving, men også at der må vere tydelege skilnader mellom bokmål og nynorsk.

Begge desse forfattarskapane fortener å bli lesne som uttrykk for at språklege skilnader også kan representere kulturelle skilnader. Ei slik lesing føreset diktarens sans for nyanserande motargument, historikarens sans for oversyn og Lunden & Lundens evne til å gå på tvers der andre gjerne tenkjer på langs. Det er i den greske, ikkje den norske, tenkjemåten at lunden representerer idyll og harmoni.

²⁶ Kåre Lunden: ”Kvifor nynorsk?”,
Dag og Tid 16.4.1998.